

## Telemark Tidend


■ **MINDRE RISIKO:** I sykle til jobben reduserer risiko for sjukdom med opptil 46 prosent, går det fram av ei gransking. Forskarar har sett på 250 000 britiske jobbspendlarar over fem år og kome fram til at jobbspending med sykkel reduserer generell dødsrisiko med 41 prosent, førekomst av kreft med 45 prosent og hjertesjukdom med 46 prosent. Studien er publisert i British Medical Journal.

NPK



■ **STUPER:** Inntekta for ein svinebonde med 47 avlssvin og kornproduksjon har gått ned med 168.000 kroner frå 2016 til 2018, ifølgje Budsjettnemnda for jordbruket (BFJ). Tala som er grunnlag for forhandlingane mellom bøndene og staten, viser at gjennomsnittsbonden hadde ein inntektsnedgang på 14.500 kroner frå 2016 til 2018. Størst inntektsnedgang har det vore for fjørfe- og svinebøndene.

NPK



**SIGNERING:** Mange ville ha både bok og signatur etter at Ole Henrik Gjeruldsen hadde fortalt den spennande historia om Cort Adeler.

FOTO: HANNA KVALHEIM HEKKELSTRAND

# Cort Adeler – sjøkrigs

**BREVIK:** I fjorten år hev historikar Ole Henrik Gjeruldsen hatt ideen om å skriva ein bok om Cort Adeler. No hev ideen vorte verkelegheit.

HANNA KVALHEIM  
HEKKELSTRAND

- Det som er veldig spennande med Cort Adeler er at han er ein

samansett karakter. Han var ikkje berre dyktig marineoffiser, men samstundes ein god forhandlar og ein god forretningsmann, fortel Gjeruldsen.

Boka vekker sjølvstolt interesse hjå dei patriotiske brevigianarane, og allereie dagen før den offisielle lanseringa på forlaget i Oslo skipa Brevik Historielag og Cort Adelersekskapet til lansering i heltens fødeby.

Cort Adeler vart fødd i Brevik i 1622, som son av ein trelast-

handlar. Før han var femten år vart han sendt til Nederland for å læra navigasjon og matematikk, og vart snart sjøkadett i den nederlandske marinen. Etter nokre år gjekk han inn i teneste hjå den venezianske marinen, og deltok i krigen mot tyrkarane.

- Cort Adeler utmerka seg, både som ein dyktig krigar og som sjømann. Han var god til å navigera, og dei venezianske admiralane nytta ofte skipet



**HEIDRA:** Statue av Cort Adeler i heimbyen Brevik.

hans som flaggskip, fortel han.

Adeler var i den venezianske marinen i tolv år, og deltok mellom anna i mange slag. Nokre av slaga fekk han i høgste grad kjenna på kroppen. I eit slag i 1657 entra han eit tyrkisk flaggskip, og hamna i nærkamp. Då fekk han to sabelhogg i hovudet, eit i handa, og vart gjenombora frå den eine sida til den andre av ei pil.

I 1660 reiste han tilbake til Nederland, men han skulle

## Telemark Tidend

■ **ÅLEINE:** Mange av ulykkene i landbruket skjer når bøndene arbeider åleine med store dyr. Ved å endra på rutinane kunne mange ulykker vore unngått, meiner landbruksrådgjevar. - Utfordringa for mange bønder er jo nettopp at dei arbeider åleine på garden. Då er det ikkje så enkelt å følgja tryggingråda om å vera fleire om å flytta dyr, seier rådgjevar Aksel Fiskaa i Landbruksforsikring.

NPK



■ **BIELIV I BYANE:** Eit nytt forskingsprosjekt skal ta føre seg leveområda til bier i byane. Etter kvart som byane veks og blomsterenger blir erstatta med parkeringsplassar, blir dei attståande grøntområda desto viktigare for biene. - Heldigvis er det ei auka interesse både blant folk flest og byplanleggjarar for å skape eigna leveområde for blomster og bier i byane, fortel Line Johansen, som leier prosjektet, på [www.nibio.no](http://www.nibio.no).



**LANG PROSESS:** Gjeruldsen hev hatt ideen om å skriva bok om Cort Adeler dei siste fjorten åra.



**LANSERING:** Harald Nikman og Turid Berg frå Brevik Historielag saman med forfattar Ole Henrik Gjeruldsen.

# shelten frå Brevik

snart få nye oppgåver. - Den dansk-norske flåten trong å byggast opp att, etter å ha vore i krig med Sverige. Kongen ville ha ein flåtesjef med internasjonal krigserfaring, og utnemnde Cort Adeler, fortel Gjeruldsen.

Adeler gjorde ein grundig jobb med å bygga opp flåten. Han var oppteken av kvalitet, både på skipa og mannskapet. I same tidsperiode gjorde han suksess som forretningsmann, og kjøpte mellom anna store

skogområder i Telemark. Han vart oppteken i adelsstanden, og vart ridddar.

### Epidemi

I 1675 braut det på ny ut krig mellom Danmark-Norge og Sverige, og Adeler fekk overkommande over flåten. Dei la seg ute i Østersjøen for å venta på den svenske flåten, som aldri kom.

- Utover hausten kom det fleire stormar som gjorde det

vanskeleg for flåten, men det som var verre var at det braut ut ein tyfusliknande epidemi om bord. Til slutt vart Cort Adeler smitta, og flåten måtte gå til hamn, fortel historikaren.

Trass i at dei seks beste legene i København gjorde alt dei kunne, døydde Adeler 5. november 1675.

I Brevik hev ein alltid rekna Cort Adeler som ein større helt enn Tordenskiold. På spørsmål kring dette trekk Gjeruldsen på

smilebandet. - Det er klart - Cort Adeler og Tordenskiold er to veldig forskjellige personar, men eg personleg tykkjer Cort Adeler er meir spennande og samansett enn Tordenskiold. Tordenskiold hev vore ein større helt her i Norge, medan Cort Adeler hev vore helt utanlands. Eg vil seie at Cort Adeler var større enn Tordenskiold, om ein ser på kva han fekk utretta, smiler Gjeruldsen.

